




**Telemark Bonde-  
og Småbrukarlag**

# Årsmelding 2024



# **Tillitsvalde i Telemark Bonde og Småbrukarlag 2024**

**Leiar:** Sveinung Kjellemo, Flåbygd, tlf: 48959801 [sveinung.kjellemo@gmail.com](mailto:sveinung.kjellemo@gmail.com)

**Nestleiar:** Sondre Aasan, Flatdal, tlf.: 45872979 [sondreasaan@hotmail.com](mailto:sondreasaan@hotmail.com)

## **Styremedlemmer:**

Regina Brajkovic, Sannidal, tlf.: 988 79 341 [brajkov@online.no](mailto:brajkov@online.no)

Per Helge Seltveit, Fyresdal, tlf.: 95036170 [perseltveit@outlook.com](mailto:perseltveit@outlook.com)

Kathrine Kinn, Ordal, Tlf.: 45229771 [kathrinekinn@gmail.com](mailto:kathrinekinn@gmail.com)

## **Vara:**

1. vara: André Trondsen, Midt- Telemark

2. vara: Bjørgulv Kvåmme, Edland

3. vara: Lars Teigen, Bøgrend

**Revisorar:** Arvid Lia, Notodden og Finn Arne Askje, Tokke

**Rovdyrkontakt frå Telemark i NBS:** Regina Brajkovic/ Tor Mølster Byggland

**Leiar i rovviltutvalet i NBS:** Regina Brajkovic

**Medlem i ungdomsutvalet i NBS:** Elin Ringhus

**Leiar i Klima- og bærekraftutvalet:** Kathrine Kinn

**Medlem i kornutvalet i NBS:** Hellek Berge

**Styremedl. i Utvalde Kulturlandskap Hjartdal og Svartdal for TBS:**

Gunleik Mæland

**Representant i Telemark Landbruksselskap:** Regina Brajkovic

**Fylkessekretær:** Tor Mølster Byggland 95216730 [telemark@smabrukarlaget.no](mailto:telemark@smabrukarlaget.no)

Org.nr: 913 568 265

konto nr.: 2699 11 06676 Vipps nr.: 570676

Heimeside: [www.smabrukarlaget.no](http://www.smabrukarlaget.no)

FB side: <https://www.facebook.com/telemaksmabrukarlag>

# Lokallag i Telemark 2023

## Hjartdal og Notodden BS

|            |   |   |
|------------|---|---|
| Leiar      | Helle K. Gjerde, Sauland tlf.: 992 58 790 | <a href="mailto:hkaufman@online.no">hkaufman@online.no</a>                        |
| Nestleiar  | Edvard Eikemo                             | 948 80 309 <a href="mailto:edveik20@gmail.com">edveik20@gmail.com</a>             |
| Kasserar   | Eivor Bjerke, Sauland                     | 988 22 994 <a href="mailto:eivor.bjerke@gmail.com">eivor.bjerke@gmail.com</a>     |
| Sekretær   | Torild M Skårdal                          | 911 97 667 <a href="mailto:moinichen123@hotmail.com">moinichen123@hotmail.com</a> |
| Vara       | Svein Olav Skårdal                        |   |
| Revisor    | Øyvind Lia, Notodden                      |   |
| Valgkomité | Gunleik Skårdal                           |   |
|            | Arvid Lia                                 |   |

## Vest- Telemark BS

|          |  |  |
|----------|--|--|
| Leiar    | Gunnar Haugo, Vinje tlf.: 975 78 643             | <a href="mailto:gunnarhaugo62@gmail.com">gunnarhaugo62@gmail.com</a> |
| Sekretær | Svein Kostveit, Vinje tlf.: 480 37 560           | <a href="mailto:svein.kostveit@air.no">svein.kostveit@air.no</a>     |
| Styret   | Tor Mølster Byggland, Vinje, tlf.: 952 16 730    |  |
|          | Per Helge Seltveit, Fyresdal, tlf.: 950 36 170   |  |
|          | Frode Dyrland, Seljord tlf.: 916 38 150          |  |
|          | Inger Elisabeth B. Haugarne, Vinje               |  |
|          | Oddvar Seltveit, Tokke, tlf.: 900 13 727         |  |
|          | Erlend S. Fundli, Fonnli, Vinje tlf.: 916 80 550 |  |
| Vara     | Kathrine Kinn, Kviteseid                         |  |
|          | Olav Gunleik Mostaul, Tokke                      |  |
|          | Irene Aarbakk, Seljord                           |  |
|          | Sondre Aasan, Seljord                            |  |
|          | Kristina Huitfeldt Carlsen, Vinje                |  |

## Nedre Telemark BS

|        |   |  |
|--------|---|--|
| Leiar  | Regina Brajkovic, Sannidal tlf.: 988 79 341           | <a href="mailto:brajkov@online.no">brajkov@online.no</a>                     |
| Styret | André Trondsen, Bø, Midt-Telemark tlf.: 951 80 702    | <a href="mailto:post@andretrondsen.no">post@andretrondsen.no</a>             |
|        | Sveinung Kjellemo, Flåbygd, tlf: 48959801             | <a href="mailto:sveinung.kjellemo@gmail.com">sveinung.kjellemo@gmail.com</a> |
|        | Cecilie Albretsen, Bø, Midt-Telemark tlf.: 907 69 202 | <a href="mailto:ceciliesa@hotmail.com">ceciliesa@hotmail.com</a>             |
| Vara   | Erling Ballestad, Gumøy, Kragerø                      |  |

## Tinn BS

|                |  |  |
|----------------|--|--|
| Kontaktperson: | Barbro Stordalen, Austbygde tlf.: 906 42 304 | <a href="mailto:bstordalen@gmail.com">bstordalen@gmail.com</a> |
|----------------|--|--|

Foto framside: Gunnar Haugo

## Ord frå Fylkesleiar



### **Året som har gått**

*Det var med skrekkblanda fryd, eg stod borti vegen her å venta på Regina ein lørdag for snart et år sia. Dagen starta som vanlig med ein tur i fjøset, for så å ta ein dusj, skifte og komme meg på mitt andre årsmøte i Telemark Bonde- og småbrukarlag. Mens eg hadde vært i dusjen, hadde det ringt på mobilen - det var Svein, leiaren i valgkomiteen. Han hadde ringt tidligare og eg hadde stillt meg disponibel for ein plass i styret. På veg bort til fylkesvegen ringte eg han opp igjen. - Du Sveinung, det har blitt noko endringar så du må taka på deg leiarvervet du, var hans budskap. Først trudde eg det var ein spøk, men det blei raskt avkrefta. Så etter ein liten prat svara eg ja.....*

*På Nutheim gikk både lokallagsårsmøte og fylkesårsmøte greit, leda av stødige folk. Valget gikk slik innstillinga var og plutselig stod eg der som leiar i fylkesstyret. Etter det har det vært ein flott opplevelse.*

*Med et styre som oser av erfaring, inkludering, kompetanse, rausket og gode samarbeidsevner, har det vært et fantastisk flott år. Alle i styret har stillt opp, og lagt ned ein flott innsats, og ein bedre sekretær ein Tor, kunne eg ikkje hatt. Me har delt på oppgavene og eg føler me har vært til stede på mange viktige arenaer for landbruket i Telemark.*

*Eg har ikkje noe lang fartstid som medlem i Norsk Bonde- og småbrukarlag. Det har derfor vært utrolig interessant å bli bedre kjent med organisasjonen i året som har gått. Det gjelder både enkeltmedlemmer, andre fylkesleiarar, sentralt tillitsvalgte og ansatte og andre. Slik eg har blitt kjent med alle dessa, er det gjennomgåande at det er mennesker som er oppriktig opptatt av at organisasjonen har stor takhøgde, er inkluderande og har et enormt engasjement for produksjon av norsk mat på norske ressurser i dag og langt inn i framtida.*

*Me står foran ei svært viktig og spennandes tid for framtidias matproduksjon. Etter endringer i regjeringa denna veka, er det mykje som skal skje dei nærmaste vekene og månadene. Den endringa trur eg vil være med å påvirke viktige politiske beslutninger i kanskje andre retninger enn det som me har sett til nå. Et nytt tallgrunnlag er lova, og eg håper og trur det blir Ærlige tall!! Det skal danne grunnlag for framtidias jorbruksforhandlinger, som må ende med ei jamnstilling av bondens inntekter basert på korrekte og reelle tall. Det blir ein særdeles spennandes vår.*

*Eg avslutningsvis takke for tilliten Bonde- og småbrukarlagsmedlemmane i Telemark ga meg for et år sia. Den har gitt meg mange nye bekjentskap og opplevingar, og gitt meg mulighet til å påvirke på mange områder.*

*01.01.2025  
Sveinung Kjellemo*

## Årsmøtet 2024

Telemark Bonde- og Småbrukarlag heldt årsmøte 10. februar 2024 på Nutheim.

Hellek Berge hadde eit særst interessant og viktig foredrag om jordbiologi for jordhelse. Asbjørn Hagene ,vår fadder frå sentralstyret, deltok med innlegg. Det same gjorde Kathrine Kinn.



Det nye styret i Telemark Bonde- og Småbrukarlag blei Sveinung Kjellemo som ny leiar, Sondre Aasan (nestleiar), Kathrine Kinn (ny), Per Helge Seltveit og Regina Brajkovic. Alle foto Tor Mølster Byggland

# De beste produktene



## NORDIC BLOCK PREMIUM S E R I E N

m/kobber 20  
kg  
Storfe og Geit



**Provita Lamb response**  
Komplementært  
fertiliskudd



**Provita  
Råmelkerstatning  
Lam**



u/kobber 20  
kg  
Sau-lam-Storfe  
Geit-Hest



**Provita Protect**  
Forebygger kalvediare



**Provita  
Råmelkerstatning  
Kalv**



**Nils Olav Hummelsgård**



95768030



hummelsgaard@gmail.com

[www.primalandbruk.no](http://www.primalandbruk.no)

**Vi er her for deg. Ta kontakt!**

## Aksjon i Vrådal!

8. mars stilte bønder og faglag opp på kort varsel for ein av dei fyrste «ærlege tal» aksjonane utanfor Telemark Senterparti sitt årsmøte i Vrådal. Dette då regjeringa hadde lagt fram sitt nye talgrunnlag for opptrappings- og sjølvforsyningsplan. Her hadde det nettopp blitt kjent at timetalet pr årsverk var uendra, me skulle normerast med 20%, og ikkje avkasting på all kapitalen. Justisminister Emilie Enger – Mehl stilde opp og mottok bodskapen. Mari Grønli frå Høydalsmo heldt ein flammande appell på dette som og var på sjølvaste kvinnedagen.



**Mari grønli heldt apell.**

Foto :Tor Mølster Byggland



**Fylkesleiar Sveinung Kjellemo og Hans Christian Songedalstveiten frå Bondelaget skulder ved skulder**

Foto :Tor Mølster Byggland



**Justis- og beredskapsminister Emilie Enger Møhl (SP) i samtale med Hans Christian Songedalstveiten frå Bondelaget**

Foto :Tor Mølster Byggland





## Landbruksprosjektet God agronomi i det grønne skiftet

**Aldri har det vore så januarmildt i Fjell-Telemark. Trump seier "Drill, baby, -drill!", og han har på ny trekt USA ut av Parisavtala. Målet synast å vere eit isfritt Arktis og eit yrande amerikansk Grønland, -heilt til havstraumen frå nydøypte Gulf of America finn det for godt å stoppe opp.**

Så medan skodda ligg mørk og mild, er det vanskeleg å sjå at nokre få bønder og småbrukarar i Noreg, og i Vest-Telemark, gjer nokon skilnad for klimaet. Her er motvind og klima for resignasjon. Men som Torleif Bjella ville ha sagt: Motlaus kan du vera sjøl! Ein bonde og småbrukar er kjent med skrinn jord og bratte bakkar. Årstider med vårløysing, såing, vekst og hausting er sjølv livsgrunnlaget. Gardsdrift med mindre klimagassutslepp og som bind karbon, er ein avgjerande dugnad for nedarva jord og framtidig vekst. Det er tid for trass og tid for innsats! I Vest-Telemark har landbruksprosjektet "God agronomi i det grønne skiftet" fått klimasatsmidlar, og prosjektleiarstillinga er utlyst. Prosjektet byggjer på måla i felles klimaplan for regionen. Det viktigaste og største tiltaket er å rettleie og yte hjelp til gardbrukarar mellom anna til å:

- forbetre agronomisk praksis som reduserer klimagassutsleppet og aukar karbonbindinga
- oppnå klimavenleg føring av husdyr gjennom kompetansetiltak om grovfôr kvalitet ved bruk av beite og optimal fôrsamansetning
- satse på klimavenlege driftsformer

Tiltak som kalking og grøfting er agronomiske tiltak som òg er økonomisk lønsame for gardbrukaren. Beiting aukar karbonbindinga, utnyttar fôrressursar og gjev god dyrevelferd. Rett bruk av husdyrgjødsel er bra både for økonomien, klimaet og for jordhelsa.

Styringsgruppa for prosjektet er breitt samansett med medlemmer frå landbruksforvaltninga i alle seks kommunane, frå Telemark bondelag, Telemark bonde- og småbrukarlag, Norsk landbruksrådgiving og observatørar frå Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Vest-Telemarkrådet søkte på vegne av kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje om klimasatsmidlar i 2024. Hausten 2024 vart det gitt tilsegn om kr 1.325.000.

Telemark Bonde-og Småbrukarlag oppmodar alle gardbrukarane i Vest- Telemark til å vere med i prosjektet og ta tak for eit klima i krise!

Per Helge Seltveit

Representant for TBS i styringsgruppa

A man in red shorts is swinging on a thick, braided rope against a sunset background. The sun is low on the horizon, creating a warm glow. The man is in a dynamic pose, holding the rope with both hands and legs. The background shows a forested landscape under a clear sky. In the top right corner of the image, there is a small logo that reads 'DIA LEC TA'.

**Du kan bli den nye legenden når alt er i orden i fjøset**

Fjøssystemer vet alt om hvordan fjøs bygges og driftes. Og gode fjøs gir mer tid.

Derfor er vi bonden og dyrenes førstevalg.

Telefon 02634 fjssystemer.no

**FJØSSYSTEMER**  
Bonden og dyrenes førstevalg

## Ærlige tall! Aksjon i Oslo 17.-18. april enda i tårer

Bønder og støttespelarar strøymde til Oslo og Eidsvolls plass desse vårdagane. Appellar frå engasjerte bønder, politikarar, artistar og andre høyrdes godt utanfor Stortinget desse dagane. Noko som høyrdes enda betre – og heilt inn i stortingssalen – var taktfaste rop om «Ærlige tall» frå folkemengda. Etterkvart veksla det mellom dette og «forslag 25», som var SV, Raudt, MdG og KrF sitt forslag som låg og ligg nerast det næringa treng og krev.

Dessverre nekta regjeringa å høyre på ropa frå utsida om å sikre fleirtal for forslag 25. Regjeringas eiga stortingsmelding 11 fekk heller ikkje fleirtal, men blir eit styrande dokument inntil vidare.



Det var ein skuffa og fortvila forsamling som pakka saman etter at forlaget fall.

Alle foto: Tor Mølster Byggland



Alle foto: Tor Mølster Byggland

# Luftpenger til bonden

Av Kathrine Kinn, publisert i Klassekampen 22.04.24



Stortingsmelding 11 skulle gi en næring i økonomisk knestående håp. I stedet fikk norske bønder en knyttneve i fjeset. I den påfølgende debatten ble det sagt at norske bønder ikke inntektsoptimaliserer og derfor trenger normering. Den skal ligge på 20 prosent. Det betyr at inntektene som legges til grunn hvert jordbruksoppgjør i realiteten er 20 prosent høyere på papiret enn ute i den virkelige verden. Det er luftpenger, svarte bøndene. Hvilke andre næringer hadde akseptert 20 prosent bedre inntekt på papiret enn på konto, lød det fra andre med møkk på nevene og støvler på beina. Hvordan i alle dager kan regjeringen si dette om den næringen på fastlandet med størst produktivitetsvekst? Og hva med alle dem i næringen som overpresterer?

Det gikk et jordskjelv gjennom grunnfjellet i Senterpartiet. Møkk utenfor partiets hovedkontor i Oslo, møkk på trappa til ordførere, partifolk med lang fartstid som enten meldte seg ut eller trua med det. På småbrukarlagskontoret løp ansatte fram og tilbake i gangene – hva skjer, hvem skal vi snakke med først, hvordan kan dette reddes, en telefon hjem til avløseren, alarm på melkeroboten, hvilken journalist vil skrive om dette, sjekke fjøskamera, ringe hjem og si at det ser ut som ku 306 skal kalve.

Det er vanskelig å beskrive stemninga, men etter to år med venting hadde vi fått noe som var så dårlig at det ikke var til å tro at det kom fra den mest landbruksvennlige regjeringa på lang tid. “Alle skal med, bare ikke de jævla bøndene”, ble det ropt irritert fra et nabokontor som et ordespill på APs valgkampslagord.

Norske bønder har all rett til å være utålmodige og frustrerte. I mer enn 100 år har det vært et mål om at den norske bonden skal bli jamstilt med andre grupper i samfunnet.

Meldinga falt ikke bare lite i smak hos bøndene. Også SV mente dette var får dårlig levert, og regjeringen måtte sikre flertall med høyresiden. Det etter at Geir Pollestad brukte store deler av vinteren på å reise fra bondemøte til bondemøte for å roe ned utålmodige bønder med utsagn som at alternativet til en AP/SP-regjering er verre. Høyresidens politikk var i vinter, ifølge Pollestad, en oppskrift på bondeopprør. Nå har derimot pipa fått en annen låt. Flertallet med høyresiden er nå “til det beste for bøndene”.

“Tenk at Senterpartiet går til høyresiden for å sikre et flertall for å holde inntektene i jordbruket nede”, leste jeg i et kommentarfelt på en landbruksgruppe på Facebook, som en reaksjon på at et annet flertall sto klare for å sikre flertall om faglagas egne innspill.

Dette flertallet var enige om at normeringsfaktoren på 20 prosent skulle forkastes, at et årsverk i jordbruket skal være på 145 timer mer

enn sammenligningsgruppa, som er en ytterligere oppblåsning av inntekta på 8,5 prosent. Men aller viktigst for næringen, egenkapitalen skulle få en mer riktig avkastning.

Uten rett avkastning på kapitalen vil dagens gjeldsspiral fortsette. Økonomien er for dårlig til å reinvestere uten å låne seg til pipa. Et alternativ er å slutte å investere. Slutte å omstille gården til å drive mer i tråd med god dyrevelferd, klima og bærekraft. Bare investere i det som bonden absolutt trenger. En sakte avvikling av norsk jordbruk. Et tredje alternativ er å spe på inntekter fra arbeid utenfor. En av grunnene til at det er så få heltidsbønder i Norge. Lave markedsinntekter, økte kostnader og tilskudd som ikke klarer å dekke opp for det som ikke hentes i markedet, gjør det ikke bare mer aktuelt å ta seg arbeid utenom for å ha råd til å være bonde, men helt nødvendig.

Vi er mange som ikke forsto hvordan regjeringens behandling av tallgrunnlaget, det som skal være et faglig styringsverktøy i jordbruksforhandlingene, skal bidra til regjeringens eget mål om en selvforsyningsgrad på 50 prosent. For ville du tatt det arbeid der alt av sparepenger og arv måtte investeres i arbeidsplassen? Der du ikke kunne forvente avkastning på denne kapitalen? Der du måtte låne deg til pipa i tillegg? Og skaffe deg arbeid utenom for å betjene gjelda? Det høres ikke fristende ut for noen. Ikke engang for norske bønder. Det er derfor det legges ned ett til to gårdsbruk hver dag. Det er akkurat denne nedleggingstakten i norsk jordbruk som er den største trusselen mot økt selvforsyning.

Det som regjeringa har gjort er å lage politikk ut av et styringsverktøy, nemlig tallgrunnlaget. Det er selvfølgelig ingen som aksepterer at bønder, som produserer nødvendighetsvaren mat, skal tjene langt over snittet. På samme måte som vi ikke skal akseptere at de har ekstremt dårlige økonomiske og sosiale vilkår. Ja, norske bønder er selvstendig næringsdrivende, men de utfører et samfunnsoppdrag der

inntektssiden er styrt av politikk og forhandlinger, mens kostnadssiden er styrt av markedet.

Det er derfor tallgrunnlaget skal være faglig rett. Det skal være ærlige tall som gjenspeiler virkeligheten og som gjør at Stortinget, som har det øverste ansvaret for jordbrukspolitikken, tar informerte valg som vil ha store konsekvenser for norsk matberedskap.

Tross Bondeopprør, tross bøndernes overnatting utenfor Stortinget natt til behandlingen av oppgjøret og høye rop om «ærlige tall» gjennom debatten og voteringen, fikk ikke næringa gjennomslag for sine krav. Ei heller fikk regjeringa. Når jeg fører dette i pennen, på vei hjem fra demonstrasjonen utenfor Stortinget, vet enda ingen hva som skjer framover. Det eneste vi vet er at dette var en tapt mulighet for å snu den økonomiske krisa i jordbruket.





# Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida

Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvisita.

Vi er tilgjengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.



**Felleskjøpet**

Tlf: 72 50 50 50 · felleskjopet.no

## Arbeidsåret 2024

Året mellom årsmøta har i heile organisasjonen i stor grad vore prega av kampen for ærlege tal. Laget har vore aktive både fysisk, men og gjennom fleire lesarinnlegg, nyhetsinnslag og ytringar på sosiale medier. Bodskapen om kor viktig eit fagleg rett talgrunnlag er for framtida til norske bønder og landets sjølvforsyning og beredskap sig stadig lenger inn i grasrota og befolkinga elles.

TBS har hatt 11 styremøter. Me har deltatt på Partnerskap Landbruk, Kontaktmøter, Fylkesleiar møter og repskap. Studiearbeid, Landsmøte, Jorddagen i Bø og Ærlege tal-møter for å nemne nokon av møtepunktta.

NBS har tatt og tek stadig meir av sin rette plass. Kontaktar og alliansar blir knytte, og eit stadig breiare lag av befolkinga ser kor viktig jobb både NBS som faglag og bønder gjer. Medlemstalet aukar jamt og trutt og er i skrivande stund 322 i Telemark.

# MEINING, MAT OG MOT

VINJE • 27.02.25

KL. 17-22.00



Edel Urstad



Anders Nordstad

KOM  
OG LØFT  
ILAG!

## FRAMTIDSTRU OG FORSYNINGSTRYGGLEIK

BEREDSKAP



VARM MAT, KAFFE  
OG KAKE  
Alt gratis!



Delås gård



Torgeir Straand



Jan Helge Dale



Per Olaf Lundteigen

STORT FOLKEMØTE I VINJEHUSET I ÅMOT

## Landbruket, litteraturen og vår tid

*Våren er sevje, lauv, lam, blomar, heftige kjensler og poesi. Og våren er jordbruks-tingingar: mjølkekvotar, kornprisar, marknadsreguleringar og tilskotsordningar. Ingen skriv brusande dikt om jordbruksoppgjeret, og få skjønar seg på det. Likevel endrar det landet vårt, steg for steg. Tømmer det eine fjoset etter det andre for dyr, sløkkjer ljøs, lèt skog breie seg inn over åkrar og enger. Driv folk bort frå gardane og inn til byane. Gjer lokalsamfunna skinnare og utkantkjensla sterkare. I tusenvis av år har det kome mat frå bygdene. Jamvel i krig og okkupasjon har bøndene på dei mange små gardane fødd folket. No er det ikkje att nok folk og dyr til slike bragder. Det brenn i kring oss av krigar, konflikhtar og økologiske kriser, staten auser av milliardane sine til våpen og militærmakt – men meiner at me kan greie oss med endå færre bønder i framtida. Er ikkje dette dramatisk nok for litteraturen? Er det kanskje ein klassisk tragedie me opplever i vår eiga tid? Eller er det berre sentimentalitet, det mange kjenner, eit vemod skapt av endringar som ikkje er til å koma utanom? Forstår me det som skjer?*

**Dette var teksten som fylgde programmet til den fyrste litteraturdagen i sommar. 11. juni skipa Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Vinjesenteret og USN Bø til den fyrste litteraturdagen. Initiativet kom frå leiar i NBS, Tor Jacob Solberg. Han er etter eige utsegn så glad i å lesa at han skulle ynskje han kom i fengsel! Tor Jacob opna programmet med å snakke om nokre bøker som betyr noko for han. Bothild Åslaugsdotter Nordsletten, som er redaktør i bladet Bondevennen, hadde ei fin samtale med forfattar og psykolog, Peter Strassegger og vår eiga Kathrine Kinn. Torgeir Straand avrunda det heile med kløktige fakta og mesterleg spel på fela.**



## Støylsdag på Maurtjønnoi 21.juli

*Over 120 frammøtte fekk med seg både politikk, urostar og sosialt samver på støylsvollen denne sundagen i juli.*

Maurtjønnoi er ein støyl som ligg idyllisk til ved eit vatn i Vinje i Vest-Telemark. Her driv Bjørgulv Kvåmme og kona Elin med geitar frå juni til oktober saman med dei fem borna. Det var foreldra til Bjørgulv som tok opp att støylsdrifta for 50 år sidan.

21. juli skipa Telemark og Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag til støylsdag på den veldrivne støylen. Fylkesleiar Sveinung Kjellemo og lokallagsleiar Gunnar Haugo ynskte velkommen og vertskapet fortalde litt om støylen og historia.

Etter lapskaus, kaffe og kaker steig sauebonde og artist, Aasne Vinjerui Hamre på scena og sette stemninga med vakre, eigenkomponera vokal og toner. Fyrste innleiar var Marianne A. Lunåsmo, som fortalde om si inngang til landbruket frå askerjenta som hang over støylsgrinda, til dagens brennande engasjement for eiga og landets seterdrift. Ho var og innom si rolle i forhandlingsutvalet i NBS med kampen for sosiale rettar som andre og kampen for ærlege tal.



Ostar var å finne på kvar ein gard og støyl for eit par generasjonar sidan, men desse urostarane og kunnskapen om dei er i ferd med å døy ut. Heldigvis er det endå nokre

som har kunnskapen om det, og matforskar Annechen Bahr-Bugge brenn for å spreie kunnskap og interesse vidare. Ho heldt eit inlegg om historien til ostane, og at dei er aktuelle i dagens fokus på magre proteinkjelder. Cottagecheese har fått ein voldsam auke i det seinare takka vera sosiale medier; kan urostane få det same? Under foredraget blei det sendt rundt smaksprøver av gamalost, Tines pultost, og knåost frå Kråkeroe til publikum. Så fylgde ei interessant samtale mellom dei to innleiarane og Sondre Aasan der mellom anna framtida til både seterdrift og mattradisjonar blei drøfta.



Ein som og hadde teke turen til støyldagen var Per Olaf Lundteigen. Han var ikkje sein å be då han blei spurdt om å seie nokre ord. Han vart varm om hjartet av å sjå det velstelte beitte støylslandskapet rundt Maurtjønnoi, og er glad for at det framleis er folk i landet som ser den mangefalsetta verdien av støyling og utnytjing av utmarksressursane. Kampen for rett talgrunnlag blei heller ikkje gjenge forbi i det stille. Lundteigen er kry over at han har stått opp for ærlige tal, og at det no vert ein ny runde i stortinget om nettopp dette: *«Jeg er veldig glad for at Bonde- og Småbrukarlaget har skjorte hvor det står ærlige tall. Ærlige tall det betyr at de som bestemmer på Stortinget om den akkorden som jordbruksbefolningen skal ha, den skal legge ærlige tall til grunn. Og det skjedde noe gledelig ved siste behandlinga nå i Stortinget nå før ferien, nemlig at det ble flertall for å legge fram nye tall. Jeg var nok med på det, for å si det sånn. Ja, jeg var den stemmen som gjorde at det blei akkurat en stemme som ga det flertallet. Og det er jeg stolt av! Hvis det er noen presse som er her til stede, så kan dere bare legge ut det; Per Olaf Lundteigen er fortsatt stolt av at han greide å få*

*fram flertall for ærlige tall.» Som takk fekk SP-bastionen og den tidlegare leiaren i NBS ei «ærlige tall» t-skjorte av fylkesleiar Kjellemo. Me vonar den bli godt bruka framover.*



Tre generasjonar av støylsfolket på Murtjønnoi blei så kalla opp på scenen av Haugo og Kjellemo.



Støylsprisen for Telemark blei høgtideleg dela ut til dei som har støyla her i 50 år. Ein velfortent pris til støylsfolket; eit bilete av ei geit måla av Bjørn Fauske Lysdahl med fylgjande tekst :

«Støylsfolket på Murtjønnroi er tildela  
Støylsprisen for Telemark 2024

Når høgfjellet grønkar i juni  
til lauv og lyng gløder om hausten  
kan du finne vegen  
eller fylgje mjølkebilan  
og jamvel skulebussen  
inn til Murtjønnroi

Støylen i enden av Murtjønn  
vitnar om lang tids bruk  
arbeid og slit  
yrande liv  
venleik og stille glede

Det vart kalla ei ny tid  
då støyler og utmark stilt grodde att  
Ved Murtjønn gjekk det ikkje slik  
Syttitalet,  
med ungeflokk og geiter  
då gjorde Marit og Agnar eit val  
satsa ihuga og tok tak!

Ressursutnytting, kulturlandskap  
beredskap og sjølvforsyning  
er nå ord i tida  
Elin og Bjørgulv  
med ungeflokk og endå fleire geiter  
haustar med dette pris, lovord og heider  
Fjellstøtt tufta på varige og nedarva verdiar!»

Det heile vart avrunda med song av Aasne Vinjerui Hamre, og tradisjonen tru - lodd-  
trekning med gjeve premiar, og Gunnar Haugo som konferansier.

# JENS EIDE

Din lokale slakter

LILLESAND • SØRLANDET

Vi er det eneste slakteriet i Agder og Telemark.  
Lever dine småfe og storfe kortreist og lokalt,  
- og få markedets beste pristillegg!

Les mer om alle våre tillegg her:  
[www.slaktereide.no/bonde](http://www.slaktereide.no/bonde)



## Småfe:

- Kr 4,50 Pulje-tillegg fra 15 dyr levert selv eller samlast med nabo.
- kr 16,- Kvalitets tillegg for kvalitets-lam.
- kr 15,- Sesong tillegg uke 15-29
- Kr 10,- Kvalitets tillegg sau og ungsau hele året.



## Storfe:

- Kr 2,- Avtaleinnmelding
- 3-ukers leveringsavtale.
- kr 2,- Variabel ekstra avtale, sesong og behovsbasert
- kr 4,- Pulje tillegg fra 14 dyr
- kr 3,- Kvalitets tillegg fra klasse O+ og bedre max. 21 mnd.
- kr 3,- Kjøttfe tillegg med minimum 50% kjøttfe.
- kr 4,- kvige tillegg alle raser klasse O, 301-730 dager.





## Sommertreff

27.06 arrangerte TBS, i samarbeid med Telemark bondelag, sommertreff med sosialt og faglig påfyll. Stedet var Nome videregående skole avd. Søve og prisnedskrivning av korn var tema. Gode innledere, med forskjellige syn på saken, ga grunnlag for ein god debatt. Kvelden blei avslutta med nydelige grilla Gildeprodukter med tilbehør. Ca 35 stykker deltok.



**Hjartdal og Notodden Bonde- og Småbrukarlag** har hatt aktivitet og vert synlige på bygdedagene i Sauland 7. september og Tuddal 31. august med lokalmatsalg og Bonde og Småbrukar promotering Det ble også arrangert en kinokveld på Notodden med filmen SAU. 17. februar

Flott stand!

Foto: Helle Kaufmann  
Gjerde



## Dyrskun 2024

Endeleg var TBS ute igjen, med stort telt ved låvebrua, sentralt ved fjospporten på Dyrskuplassen. Det var bra besøk på standen, som var bemanna av både folk frå Vestfold, Agder og Trøndelag. For å nemne nokon. I tillegg til Telemark sjølv sagt. Frå sentralstyret og kontoret i Oslo var og fleire innom i løpet av helga. Det er veldig bra så mange er med på å ordne og stå på stand denne helga. Dyrskun er eit viktig møtepunkt mellom landbruket og resten av befolkninga!



Rakel Nystabakk som sit i NBS-styret, synte filmen SAU på Sterke Nils-Tunet på Dyrskun



Der finn ein og Gunnar Haugo i dyrskuhelga



## Om vokterhunder og norske forhold.

På staulsdagen lå det to hvite isbjørner langs med gjerdet: maremmaene Alo og Binna. Alo og Binna er arbeidende vokterhunder, men de er også sosiale. Vi bruker hundene hovedsaklig til kadaversøk. Vi bor nokså sentralt og har litt lite hjemmebeiter. Hundene bor hovedsaklig i fjøset med sauene. De går fritt på hjemmeteigen og i vårt innegjerda tun.

«Du har ikke prøvd maremma?» var spørsmålet sist høst da undertegnede klaget sin nød over ei gaupe som herjet i saueflokken på nofence i en skogteig 1 km hjemmefra. Jo, vi har 6 stykker, men de kan vi ikke slippe løs på skogen... Det svaret så hun neppe komme, hun som var nyfrelst på vokterhund.

## Vokterhund i utlandet

Vokterhunder blir mye brukt i enkelte land. I all hovedsak brukes de kombinert med gjeterne og gjeterhunder. Gjeterhundene holder flokkene samlet, og gjeter går med flokken og finner beiter. Ofte kan de sitte under et tre, eller sove, men de er der.

De kan da også korrigere hundenes oppførsel til en hver tid. Dette er gjerne skarpe raser som ikke er sosialisert på fremmede.

Det hender også at vokterhunder går med saueflokker uten oppsyn.

Man kan ikke overføre erfaringer direkte fra land til land. Det er både erfaring, tradisjoner, raser, topografi og klima som gjør at man ikke driver matproduksjon på samme måte i forskjellige land.

Vi lever i et arktisk klima med til dels karrige fjellområder og lite dyrka mark. Vi har mye utmark og utmarksbeite, i tillegg er det forholdsvis mye rovdyr i Norge. Det gir selvsagt utfordringer og vi kan vel være enige om at dyreeierne ønsker å beskytte dyra sine etter beste evne. Det er ikke alltid like lett. Vi får jo gjerne vite fra byfolk at vi kan gjete og skaffe vokterhunder som passer på flokken.

## Vokterhund i Norge

1) For å begynne med vokterhund må man like hunder: ikke begynn med disse hundene hvis du ikke er glad i hunder.

2) Det er fint hvis en har en godt voksen hund uansett rase, som oppfører seg greit fra før men det er ingen betingelse. Ofte kan denne hunden fungere som mentor for valpen.

3) Det må legges til rette før hunden kommer: man slipper ikke en valp i fjøset og så går det bra. Valp/unghund må skilles fra sauene når de er alene i fjøset, men skal ha kontakt gjennom gjerder. Det er viktig å få god veiledning og oppfølging fra oppdretter her. Under oppsyn og under fjøsstell kan de gå fritt, da kan man korrigere uønsket oppførsel.

4) Vokterhund har svært god effekt mot rev gjennom sesongen. Man kan la den bytte mellom beitene slik at den markerer godt langs gjerdene og på den måten bruke en hund på flere områder.

5) På innegjerdet sommerbeite og innenfor roviltavvisende gjerder vil vokterhund kunne fungere bra. Innenfor ulvesona ville jeg nok brukt (minst) to hunder. De trenger å hvile også. Er gjerdene gode, vil hundene gi en ekstra sikkerhet. Det innegjerdete arealet vil bli oppfattet som et eget revir av eventuelle ulver.

6) På utmarksbeite er patruljering eneste realistiske mulighet. Patruljering vil antagelig ikke skremme rovdyra nevneverdig, men man finner kadaver. De fleste vokterhunderasene er gode på kadaversøk.

7) Det er mange hunderaser som kan vokte og passe sau. Mitt første møte med en hund som passet sauene var en elghund. Den passet sauene på dagtid, og etter hvert tok maren over på natta. Hundene jobbet skift.

8) Velg rase med omhu! Noen vokteraser er for skarpe for norske forhold, rasen bør være godt sosialisert på fremmede: både folk og hunder. Noen raser er fine, men reiser langt av gårde, mens andre raser er mer hjemmekjære.

9) Aldri ta vokterhunden ut på tur ut av tunet, hvis det ikke er meningen at hunden skal gå der på egenhand. Hundene er territoriale, og ved å gå tur viser du hunden territoriet.

Vokterhunder har definitivt en plass i husdyrhold i Norge, men vi i næringa bør ta eierskap til denne formen for hundehold og vern av dyra våre.

Det er useriøst når folk uten kunnskap og erfaring fra praktisk sauehold skal diktere hvordan vi skal beskytte våre dyr. Vi trenger mer forskning på området, hva kan fungere og hva ikke?

Det er mange som har god nytte og hygge av en maren eller en pyreneer. Undertegnede kan kontaktes ved spørsmål.

Regina Brajkovic



## NBS' Landsmøte 2024

Over 150 utsendingar frå lokallaga, samt fylkesleiarar, sentralstyre, sekretærar , observatørar og gjester var helga 15. – 17. november samla på Clarion hotell Gardermoen.

Det 95. ordinære landsmøtet til Norsk Bonde- og Småbrukarlag gjekk på skjener gjennom helga. Eit gjennomgåande tema og mål for dei som var i salen er ærleghet; at me presenterar faktabasera ærlege tal og kunnskap. Og at me krev ærleghet attende frå styresmaktene.

Det blir stort fokus på å få dei rette og ærlege tala no, då talmaterialet skal tilbake til Stortinget innan februar. Me vil ha økonomisk og sosial jamstilling med gjennomsnitts lønsmottakar (lærar/sjukepleiar)

- 1700 timar pr årsverk
- Inga normering (regjeringa har lagt på 20% luftpengar på papiret) før samanligning av inntekt
- Ei fornuftig avkastning på all kapital



Foto: Nora May Engeseth

Tala må og vera ærlege og opne når det kjem til rovdyrpolitikk og forvaltning. Regina Brajkovic frå Nedre Telemark Bonde- og Småbrukarlag, og leiar av Rovviltutvalet, var på talarstolen og mana til å snakke meir om rovdyr og problema beitenæringa står ovanfor i fleire delar av landet.



Regina på talarstolen for å snakke om rovdyrproblematikken.

Foto: Tor Mølster Byggland

Frå Telemark var me ein fin gjeng gjennom landsmøtet:

*Sondre Aasan, Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag*

*Per Helge Seltveit, Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag*

*Irene Aarbakk, Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag*

*Gunnar Haugo, Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag*

*Edvard Eikemo, Notodden og Hjartdal Bonde- og Småbrukarlag*

*Regina Brajkovic, Nedre Telemark Bonde og Småbrukarlag*

*Siv Anette Klovholt Moland, Nedre Telemark Bonde- og Småbrukarlag*

*Elin Ringhus, ungdomsutsending frå Telemark og medlem i Ungdomsuvalet til NBS*

*Tor Mølster Byggland, Fylkessekretær Telemark*

*Svein Kostveit, gjest og tidlegare leiar i NBS*





Frå venstre: Gunnar Haugo, Sondre Aasan, Per Helge Seltveit, Regina Brajkovic, Svein Kostveit, Siv Anette Klovholt Moland, Elin Ringhus, Irene Aarbakk, Edvard Eikemo og Tor Mølster Byggland.

Foto: Raket Nystabakk



Tor Jacob Solberg blei einstemmig attvald som leiar i NBS.

"Me treng fleire spadar, og litt dynamitt", sa Tor Jacob etter valet.

Foto: Tor Mølster Byggland



Med seg fekk han Marianne Lunåsmo som ny politisk nestleiar, Ola Lie som nytt styremedlem. Margrethe Figved blei attvald som organisatorisk nestleiar. Resten av styret (Rakel Nystabakk, Ståle Støen og Ellen Syse) var ikkje på val. Eit særst kompetent styre fulle av motivasjon til å kjempe for fleire bønder, auka beredskap og matsikkerhet. Ærlege tal!

Foto: Tor Mølster Byggland

## Landbruket, litteraturen og Laurdagsrevyen

Mange fann turen til Rauland og Landbruket, litteraturen og Laurdagsrevyen 26. november. Eit unikt arrangement skipa til av Telemark Bonde og Småbrukarlag, Vinjesenteret, Tradisjonskunst og folkemusikk, Universitetet i Sørøst-Noreg, Rauland og Vinje Mållag.

Tor Jacob Solberg opna programmet med eit dikt, før Kjersti Rorgemoen hadde ei god samtale med forfattaren Inger Bråtveit kring boka hennar, "Vassarv", og det å vekse opp som odelsjente på eit tungdrive småbruk på vestlandet.

Etter kjøtsuppe og mingling i studentutstillingane på USN, gjekk Astrid Versto og Ingvild Bryn på scena i Årestoga. Dei to venninnene har kjent kvarandre frå dei starta i NRK dagsnytt same dagen i 1985, og dei dela historiar frå mellom anna NRK og Slottet, og nynorsken som ein sterk identitet i alle samanhengar gjennom snart 40 år som vener og "offentlege" personar.

Visste du at Ingvild Bryn er geitebonde? Kvar sommar er ho og mannen på staulen på Voss. Piano meistarar ho og, og heile 4 allsongar spela ho opp til.

Yngve Knausgård batt det heile saman som programleiar for kvelden, og dyktige musikarar frå studentane ved USN krydra arrangementet med spel.

Dette var andre arrangementet i rekka. Me vonar eit tredje kjem i 2025. Fylg med!



Alle foto:  
Tor Mølster Byggland



## Førjølstreff i Vrådal 12 desember

Om lag 20 medlemmer møttest på Straand Hotell denne kvelden for ein sosial omgang med jolemat og triveleg lag!



Fylkesleiar Sveinung Kjellemo ønskte velkommen til bords.

Foto: Gunnar Haugo



## TRENG DU RØRLEGGAR?

☎ 35 07 01 10

✉ [post@vinjeror.no](mailto:post@vinjeror.no)

📍 Verkstadvegen 18  
3890 Vinje

Takk for eit godt arbeidsår!

Vinje 02.02.25

Sveinung Kjellemo (s)

Sondre Aasan (s)

Per Helge Seltveit (s)

Regina Brajkovic (s)

Kathrine Kinn (s)



# Norsk matproduksjon i et evighetsperspektiv



Norsk Bonde-  
og Småbrukarlag

Returadresse:  
Tor Mølster Byggland  
Trovassvegen 121  
3890 Vinje



# På lag med landbruket

Forsikring

Pensjon

I Gjensidige er vi stolte av å samarbeide med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Sammen kombinerer vi erfaring og ekspertise slik at du kan sikre deg og dine, og alt som er ditt.

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du gode rabatter på privatforsikringer, driftsforsikringer og pensjon hos Gjensidige:

- inntil 20 % rabatt på privatforsikringer
- 24-34 % rabatt på landbruksforsikringer
- god pris på ulykkesforsikring for voksne og barn
- gode fordeler på pensjon

Les mer på [gjensidige.no/landbruk](https://gjensidige.no/landbruk), eller ring oss på 915 03100.